

NORSK ORNITOLOGISK FORENING (NOF)
Avd Møre og Romsdal
Rindal/Surnadal lokallag

Surnadal, 20. april 2013

NVE
nve@nve.no

FRÅSEGN –

PROGRAM FOR KONSEKVENsutGREIING – VINDØLA kraftverk I SURNADAL KOMMUNE

Viser til dykkar ref. nve 201205386-4 kv/genn

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) i Møre og Romsdal er uroa over den auka satsinga på vasskraftutbygging i fylket. Resultatet er tørrlagte bekke- og elvestrekningar som er livsmiljø for bl.a. vanntilknytta fugl. Inngrepa skjer utan at det forelegg nokon samla plan, og dei samla konsekvensane for naturmiljøet er i stor grad ukjente. Aktuelle fugleartar som vert påverka er fossekall, vintererle og strandsnipe (den siste er raudlista). Alle dei tre artane forekjem i den delen av Vindøla som no er planlagt utbygd til elvekraftverk. Etter dagens målestokk er utbygginga stor, og vatnet vert ført bort frå ei viktig strekning med stryk og fossar på 4-5 km (dagens middelvassføring vert redusert med over 70%). Etterkvart finst få stader med liknande elvenatur, såpass lite påverka som Vindøla. I takt med denne utviklinga blir nye vassdragsreguleringar stadig meir alvorleg for dei naturverdiane som er att.

Vi vil hermed kommentera forslaget til utredningsprogram. Utbygger hevdar at ”store deler av influensområdet ble i 2008 befart i forbindelse med *Bekkekløftprosjektet* i Møre og Romsdal”. Men ifølge prosjektrapporten skjedde synfaringa hovudsakleg lengre unna elva enn 50m, berre unntaksvis nærmare. Det betyr at elvas influensområde ikkje er undersøkt. Om fugls (og pattedyrs) endra bruk av området seier utbygger: ”Det forventes at dette er en midlertidig effekt”, avgrensa til anleggsfasen, og at prosjektet i driftsfasen ”ikke vil ha betydelig påvirkning” på dem. Så lenge fugle/dyrelivet ikkje er kartlagt, stiller vi oss undrande til denne utsegna. Ei skikkeleg konsekvensutredning bør gi grunnlag for ei slik vurdering, men ingen kan forskottera svaret. Her vil vi nemna at for t.d. vintererle rammar utbygginga ein av få sannsynlege hekkeplassar i Surnadal kommune. Slik som fossekall hekkar ho helst i tilknytning til parti med fossestryk.

Fordi elvesonas betydning som hekke- og næringsbiotop for fugl er ukjent, er det avgjerande å framskaffa grundig dokumentasjon på dette gjennom undersøkingane som no skal gjerast. Ein må skaffa gode bestandsdata for både fossekall, vintererle og strandsnipe. Vi veit at det også er funne reir av laksand på strekninga.

NOFs krav til konsekvensutgreiingsprogrammet blir dermed:

1. Kartlegging av hekking for vasstilknytta fugl.
2. Kartlegging av mattilgang for vasstilknytta fugl.

Undersøkinga må dekkje heile Vindøla, med hovedvekt på planlagt regulert strekning. Det krevst feltundersøkingar for å skaffe gode data på utbreiing av både fossefall, vintererle og strandsnipe. I dag manglar slik kunnskap. Vidare må ein sjå dette i samanheng med andre vassdrag i regionen for å vurdere om det finst liknande og tilstrekkelege mange vassdrag igjen med tilsvarende biotopkvalitetar.

Med vennleg helsing

Olav Runde (Olav.Runde@tussa.com)
Leiar, Norsk Ornitologisk Forening, avd Møre og Romsdal

Marita Sæter
Norsk Ornitologisk Forening, lokallaget i Surnadal/Rindal